



Felles Landbrukskontor ÅLA

# Årsmelding 2016



*Sau på innmarksbeite - Hemre.  
Foto Magnhild Aspevik*



# Felles Landbrukskontor ÅLA

## Innleiing

Kommunane Årdal, Lærdal og Aurland har inngått avtale om administrativt vertskommune-samarbeid om Felles Landbrukskontor. Lærdal kommune er vertskommune og avtalen gjeld samarbeid mellom kommunane om utføring av kommunale oppgåver knytt til landbruksforvaltninga i kommunane. Samarbeidet starta 1.7.2007.

Kontoret skal tilby betre tenester samla enn kva kommunane klarer kvar for seg. Kontoret skal gje råd, rettleie og informere brukarane og publikum, delta i planprosessar, gje uttale, handsame og ta avgjerd i saker innanfor kontoret sitt ansvars- og arbeidsområde. Arbeidet omfattar lov- og regelverksforvaltning og tilskotsforvaltning (næringsarbeid) mm.

### *Organisering*

Kontoret er lokalisert i Lærdal rådhus. På rådhuset i Aurland er det eit kontor til disposisjon, det er bemanna deler av veka elles etter avtale. Lærdal kommune har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette og ansvar for rekneskap.

Kostnadane med kontoret skal fordelast slik:

Årdal kommune: 16 %

Lærdal kommune: 54%

Aurland kommune: 30 %

Alle politiske og administrative vedtak som gjeld kvar einskild samarbeidskommune skal handsamast og arkiverast i den kommunen saka gjeld.

Rådmannen i Lærdal har det administrative ansvaret for Felles Landbrukskontor ÅLA. Avtalen vart godkjend på nytt i 2010 med 4 stillingsheimlar. Endring av fast bemanning må godkjennast av dei to andre kommunane.

### *Tilsette i 2016*

Magnhild Aspevik	landbrukssjef
Solgun Haugen	sakshandsamar
Marianne Nygård	sakshandsamar
Håvard Øyrehagen	prosjektleiar Prosjekt sau og utmark
Knut Fredrik Øi	innleidd viltforvaltar

Det er inngått avtale om å leiga oppgåver knytt til kommunal viltforvaltninga hjå Aurland Fjellstyre. Denne avtalen gjeld frå mai 2012. I 2016 har arbeidet vorte utført av Knut Fredrik Øi, Håkon Øydvin, Erlend Øydvin og Harald Skjerdal. Samla sum timar: 619.

I meldingsåret har landbrukssjef Magnhild Aspevik delteke i arbeidsutvalet til Landbruksselskapet i Sogn og Fjordane og vore prosjektleiar for ny heimeside til Lærdal kommune. I heimesideprosjektet har og Solgun Haugen delteke frå landbrukskontoret.

## Innhald

1	Sakshandsaming .....	4
2	Tilskotsforvaltning .....	5
2.1	Sentrale ordningar.....	5
2.1.1	Produksjonstilskot i jordbruket .....	5
2.1.2	Velferdsordningane i jordbruket .....	5
2.1.3	Spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL midlar.....	6
2.1.4	Tilskot til drenering av jordbruksjord .....	7
2.1.5	RMP - Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane - inkl driftstilskot til organisert beitebruk – OBB.....	7
2.1.6	Investeringsmidlar til organisert beitebruk/Tilskot til tiltak i beiteområde.....	8
2.1.7	BU-midlar gjennom Innovasjon Norge.....	9
2.1.8	Søknad om avlingssvikt .....	9
2.1.9	Søknad om erstatning for husdyr drepen av freda rovvilt.....	9
2.2	Lokale ordningar – tilskot og fond .....	10
2.2.1	Årdal.....	10
2.2.2	Lærdal.....	11
2.2.3	Aurland.....	12
3	Lov og regelverksforvaltning .....	12
3.1	Konsesjonslov, jordlov og lov om forpaktning .....	13
4	Skogbruk – diverse.....	14
4.1	Skogrådgeving i Indre Sogn .....	14
5	Viltlova.....	15
6	Lov om motorferdsel i utmark og i vassdrag .....	16
6.1	Naturmangfoldlova.....	16
6.2	Andre lovar .....	16
7	Andre oppgåver og tiltak.....	17
7.1	Planarbeid .....	17
7.2	Verdsarv - Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjordområde med verneområda .....	17
7.3	Veterinærvakt .....	17
7.4	Verneområde .....	18
7.5	Informasjon.....	18
8	Prosjekt sau og utmark 2012-2016.....	18

## 1 Sakshandsaming

Felles Landbrukskontor ÅLA gjer administrative vedtak og førebur saker for politisk handsaming.

**Tabell 1 Tal saker med vedtak handsama og førebudd for handsaming av Felles Landbrukskontor ÅLA**

Kommune	Årdal	Lærdal	Aurland	Tal vedtak adm/politisk
<b>Administrative vedtak</b>	6	33	43	82
<b>Politisk handsama</b>	7	11	7	25
<b>Referat saker</b>	0	7	1	8
<b>Tal saker pr kommune</b>	<b>13</b>	<b>51</b>	<b>51</b>	<b>115</b>

Kjelde: Arkiva Årdal, Lærdal og Aurland

**Tabell 2 Samlerapport for økonomiske verkemiddel som kontoret har vore sakshandsamar for**

Kva	Samla sum kr:
Produksjonstilskot	
Avløyssar refusjon sjukdom, ferie og fritid	
Manuelle utbetalingar	33 360 756
SMIL-midlar – løyvd tilskot	510 000
Tilskot til drenering	16 600
RMP-mildar	1 907 742
Investeringsmidlar til organisert beitebruk/ Tilskot til tiltak i beiteområde	230 300
Avlingsskade	33 394
BU-midlar – løyvd tilskot	3 824 000
Årdal lokale tilskot	103 100
Lærdal lokale tilskot	820 047
Aurland lokale tilskot	93 995
Fellingsavgift – innkrevjing	223 830
Skog – diverse tilskot	11684
Verdsarvmidlar	2 009 080
Veterinærvakta – driftstilskot og kommunalt tilskot	887 188
<b>Sum</b>	<b>44 037 716</b>

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

### *"Bygdeutviklingskontor"*

Mange viktige tema og saker er innom kontoret. Landbrukseigedomar og naturressursar er utgangspunkt for utvikling av ulike prosjekt som skapar aktivitet. Arbeidsdagane på kontoret er spennande og interessante. Me arbeidar med utfordringar som har mykje å seie for den enkelte og for utvikling av bygdene og kommunane. Dei tilsette på kontoret har stort nettverk og er eit bindeledd mellom dei tre kommunane både administrativ, politisk og på fag og grunneigarnivå. Kontoret har stort nettverk utanfor kommunane. Dette er viktig for å marknadsføra og skapa gode kontaktar for saker me arbeidar med.

## 2 Tilskotsforvaltning

### 2.1 Sentrale ordningar

#### 2.1.1 Produksjonstilskot i jordbruket

Tabell 3 Beløp utbetalt produksjonstilskot og avløysartilskot ÅLA 2016

	Årdal	Lærdal	Aurland
Produksjonstilskot 2016	1 364 972	15 796 075	10 711 632
Avløysartilskot 2016	232 378	2 413 886	1 801 720
Totalt utbetalt 2016	1 597 350	18 209 961	12 513 352
<b>Totalt utbetalt ÅLA 2016</b>	<b>32 320 663</b>		

Kjelde: Landbruksdirektoratet og Felles Landbrukskontor ÅLA

Tabell 4 Beløp og tal søknadar som er utbetalt manuelt i samband med søknad om produksjonstilskot ÅLA 2016

	Årdal	Lærdal	Aurland
Manuell utbetalingar 2016	25 700	133 786	220 167
Tal saker total	10		

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

Dette er utbetalingar som kjem etter dei sentrale utbetalingane. Det skuldast søknadar som vart stoppa, feil med rapportering av frukt/bær-leveransar, problem med kontroll mot Debio, feil i avkortning grovfôrareal, feil med avløysartilskot. Dei færraste av utbetalingane skuldast feil hjå søkjar, men feil i rapporteringssystemet hjå Landbruksdirektoratet eller hjå dei som rapporterer til dei.

I 2016 var det ingen krav om tilbakebetaling av produksjonstilskot i ÅLA.

Tabell 5 Oversikt over tal søknadar om produksjonstilskot og tal kontrollar i ÅLA 2016

	Årdal	Lærdal	Aurland
Januar 2016	8	82	58
August 2016	10	96	60
<b>Totalt tal søknadar om produksjonstilskot</b>	<b>18</b>	<b>178</b>	<b>118</b>
Tal kontrollar januar 2016	1	5	3
Tal kontrollar august 2016	1	5	3
<b>Totalt tal kontrollar</b>	<b>2</b>	<b>10</b>	<b>6</b>

Kjelde: Landbruksdirektoratet og Felles Landbrukskontor ÅLA

Andelen av søknadar som vert levert elektronisk aukar for kvar søknadsomgang. Dette er veldig bra og lettar arbeidet for sakshandsamar mykje. På augustomgangen i 2016 vart 90,96 % av søknadane i ÅLA levert elektronisk mot 91,1 % året før, og 91,89 % i januaromgangen. Det var også i meldingsåret meir jobb enn vanleg med søknadsomgangen august 2016 sidan det enno er ein del feil i kartgrunlaget.

## 2.1.2 Velferdsordningane i jordbruket

### *Avløyning ferie og fritid*

Dette er ei refusjonsordning som går innunder søknad om produksjonstilskot i januar. Maks avløysartilskot vert bestemt ut frå dyretalet året før. Avløysartilskot ferie og fritid som er utbetalt i 2016 er refusjon av utgifter til avløysar i 2015. For beløp sjå tabell 3.

### *Avløyning ved sjukdom m.v.*

Avløyning ved sjukdom m.v. er ei refusjonsordninga der ein gardbrukar kan få tilbakebetalt utgifter til avløysar i samband med t.d. eigen sjukdom med sjukmelding.

**Tabell 6 Oversikt over tal saker og utbetalt beløp i samband med søknad om tilskot til avløyning ved sjukdom m.v i ÅLA 2016**

	Årdal	Lærdal	Aurland
<b>Utbetalt beløp</b>	111 607	188 785	360 048
<b>Total saker</b>			18

Kjelde: FMLA

### *Tidleppensjon i jordbruket*

Dette er ei ordning som jordbrukarar som har fylt 62 år og som har drive jordbruk i minst 15 år kan søkja på. Det er krav om at det må ha vore eit eigarskifte, og det er bestemte krav til inntekt i ein referanseperiode på fem år.

Felles Landbrukskontor ÅLA har handsama 1 søknad om tidleppensjon i jordbruket i ÅLA i 2016.

## 2.1.3 Spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL midlar

### *Spesielle miljøtiltak i jordbruket*

SMIL-midlane er midlar frå landbruksoppgjeret som vert fordelt til kvart fylke.

Fylkesmannen fordeler midlane vidare til kommunane. Kommunen er ansvarleg for forvaltning av midlane etter gjeldande forskrift og lokal tiltaksstrategi for SMIL-midlar.

Kommunane våre har tiltaksstrategi som gjeld for perioden 2013 -2016. Arbeid med revidert tiltaksstrategi vart i 2016 utsett til 2017 i påvente av ny forskrift og rundskriv frå fylkesmannen.

**Tabell 7 SMIL-midlar tal, søknadar og midlar til fordeling i Årdal, Lærdal og Aurland**

	Årdal	Lærdal	Aurland	Sum
Tal søknadar total	3	10	23	36
Søknadssum totalt	300000	661515,45	979346	1940864,45
Tal innvilga søknader	3	9	11	23
Søknadssum innvilga søknader	437920	578515,45	484221	1500656,45
<b>Løyvd tilskot</b>	<b>80000</b>	<b>200 000</b>	<b>230000</b>	<b>510000</b>

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

### 2.1.4 Tilskot til drenering av jordbruksjord

Felles Landbrukskontor ÅLA hadde ei ramme på til saman midlar på kr 120 000,- for tilskot til drenering i 2016. Det kan i 2016 gjevast tilskot til drenering av tidlegare grøfta jordbruksareal eller planerte areal som ikkje tidlegare er grøfta. Eigar eller føretak som leiger tidlegare grøfta jordbruksareal kan søkja på ordninga.

Felles Landbrukskontor ÅLA har handsama to søknadar om tilskot til drenering i ÅLA i 2016. Det vart løyvd til saman kr 16 600 i tilskot.

### 2.1.5 RMP - Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane - inkl driftstilskot til organisert beitebruk – OBB

*”Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane skal stimulera til å ta vare på og utvikle det opne og særmerkte kulturlandskapet i fylke. Tilskota i miljøprogrammet er til liks med nasjonale produksjonstilskot ei årleg driftstøtte til føretak i drift som oppfyller visse vilkår. Tilskota i miljøprogrammet skal fungere som betaling for miljøvennlege driftsformer og produksjon av miljøgode for samfunnet”* (kjelde Rettleiingshefte 2016)

Alle føretak som kan søkja på produksjonstilskot i jordbruket, har landbruksdrift i Sogn og Fjordane og oppfyller vilkåra som vert stilte i dei ulike tilskotsordningane, kan søkja.

Frå 2013 vart det opna for å søkja elektronisk på RMP/OBB i det nye fagsystemet eStil, eit felles program for heile landet. Dette medførte at ein del av tilskotsordningane fekk nye og til dels ”misvisande” namn. I tillegg kom det inn krav om kartfesting av alle tiltak. Grunna desse endringane og fortsatt litt småutfordringar med programmet og mot Altinn vart det fortsatt ein del arbeid med denne ordninga i 2016.

Ca 85,71 % av RMP og ca 71,43 % av OBB søknadane vart levert elektroniske denne søknadsomgangen, mot ca 87 % og ca 43 % året før. Sakshandsamar hjelppte fleire søkjarar med å levere søknaden elektronisk, slik at det kan vera litt av grunnen til høg %-andel elektroniske søknadar. Det var betre å få kartfesta alt saman med søkjar i staden for å gjera det utfrå handteikna kart i etterkant. I tillegg til dei som har fått hjelp til å søkja tidlegare år som no klarar å senda inn elektronisk sjølve.

**Tabell 8 Oversikt over utbetalinger i 2016 for dei ulike ordningane innan Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane i ÅLA inkl. driftstilskot organisert beitebruk etter søknadsomgangen i 2015**

Tilskotsordning	Årdal	Lærdal	Aurland
Drift av enkeltstøl og fellesstøl med mjølkeproduksjon	-	60 000	290 000
Skjøtsel av bratt areal	10 338	54 789	437 850
Beite av lokalt verdifulle jordbrukslandskap	-	23 200	30 080
Beite i utmark (verneområde)	4 800	7 000	168 300
Skjøtsel av gravminne	4 500	7 500	4 000
Skjøtsel av bakkemurar, trekkjer, skigardar	18 261	253 800	79 524
Skjøtsel av styvingstre	-	13 350	22 650
Drift av beitelag	17 649	88 784	51 427
Slått av biologisk verdifulle areal	-	30 740	77 140
Beite av biologisk verdifulle areal	-	105 640	22 420
Bevaringsverdige husdyrassar	11 000	-	13 000
<b>Tal søknadar som har fått utbetaling</b>	<b>10</b>	<b>46</b>	<b>53</b>
<b>Totalt utbetalt for søknadsomgangen</b>	<b>66 548</b>	<b>644 803</b>	<b>1 196 391</b>

Kjelde: Landbruksdirektoratet (eStil)

**Tabell 9 Tal søknadar på Regionalt miljøprogram Sogn og Fjordane i 2016 og driftstilskot til organisert beitebruk i ÅLA i 2016**

	Årdal	Lærdal	Aurland
Tal søknadar på RMP i 2016	6	42	50
Tal kontrollar totalt			7
Søknadar organisert beitebruk 2016	2	1	4
<b>Totalt tal innkomne søknadar</b>	<b>8</b>	<b>43</b>	<b>54</b>

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

### 2.1.6 Investeringsmidlar til organisert beitebruk/Tilskot til tiltak i beiteområde

Søknadar vert handsama og tilrådd av kommunen. Fylkesmannen godkjenner og løyver midlar. Kommunen godkjenner tiltak og tilrår utbetaling.

**Tabell 10 Oversikt over tildeling av "Tilskot til tiltak i beiteområde" og FKT-midlar i ÅLA 2015**

	Beitelag	Tiltak	Tilskot
Årdal	Naddvik beitelag	E-bjøller	15 900
	Ofredal beitelag	Sankebu	49 500
Lærdal	Lærdal sankelag	E-bjøller	70 300
		E-bjøller, FKT-midlar	30 000
Aurland	Austfjelli beitelag	Oppgradering sankegjerde, nye grunder/gjerde, nytt sperregjerde	15 600
	Vestfjelli beitelag	E-bjøller	12 500
	Stemmerdalen sankelag	E-bjøller	18 000
		Gjerdemateriell/grunder felles sankekeve	18 500
	<b>Samla sum</b>		<b>230 300</b>

Kjelde: FMLA

FKT( Forebyggande- og konfliktdempande tiltak)-midlar vert løyvd av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ved Miljøvernavingdelinga.



### 2.1.7 BU-midlar gjennom Innovasjon Norge

Kontoret har ei viktig informasjonsrolle for dei som ynskjer å søkje om BU-midlar. Søkjarar er, som oftast, i kontakt med kontoret før søknad vert sendt inn. Kommunen v. landbruksforvaltninga må gje uttale til innleverte søknadar, før handsaming hjå Innovasjon Norge. Kommunen godkjenner ferdige prosjekt og tilviser løyvde midlar.

Tabell 11 BU-midlar tildelt gjennom Innovasjon Norge fordelt på kommune, tiltak og tilskot.

Kommune	Søklar	Formål	Tilskot
Årdal	Per Bjørkum	Investeringstilskot - sauefjøs	910 000
Lærdal	Frode Myrmel	Investeringstilskot – potetlager	350 000
	Olav Ødegård	Investeringstilskot – eple	109 000
	Øystein Bøe	Investeringstilskot – moreller	175 000
	Anders Walla	Investeringstilskot – sauefjøs	490 000
	Ole Magne Skårheim	Investeringstilskot – sauefjøs	790 000
Aurland	29-2 Aurland AS	Vekstordning	1 000 000
<b>Sum</b>			<b>3 824 000</b>

Kjelde: Innovasjon Norge

### 2.1.8 Søknad om avlingssvikt

Jord- og hagebruksføretak kan søkja om erstatning for betydeleg avlingssvikt som er forårsaka av klimatiske forhold som det ikkje er mogeleg å sikra seg mot.

Felles Landbrukskontor ÅLA har handsama totalt 1 søknad om avlingssvikt i ÅLA i 2016. Utbetalt kr 33 394,-. Det er fylkesmannen som tek endeleg avgjerd i desse sakene.

### 2.1.9 Søknad om erstatning for husdyr drepen av freda rovvilt

Husdyreigarar kan søkja erstatning for tap av husdyr som kan påvisast teke av gaupe, jerv, bjørn, ulv og kongeørn. Sakshandsamar ved Felles Landbrukskontor ÅLA hjalp litt til med å få sendt inn søknadar om erstatning i 2016 òg. Det er Fylkesmannen som forvaltar denne søknadsordninga.

## 2.2 Lokale ordninger – tilskot og fond

### 2.2.1 Årdal

#### *Årdal landbruksfond (jordfond)*

Saldo pr 31.12.2016: kr 335 688

- Innbetaling – renter: 3 617

Fondskapitalen skal vere på kr 325 000, og fondet har difor pr dags dato lite midlar å dele ut.

#### *Kommunalt tilskot til landbruket i Årdal*

Reglane for kommunalt tilskot til landbruket i Årdal er godkjent av kommunestyret i saknr. 38/93. Jf reglane er det fortløpande søknadsfristar knytt til desse midlane. I 2016 var det ikkje sett av midlar i budsjettet.

#### *Viltfond*

Saldo pr 31.12.16: kr 242 732

- Innbetaling fellingsavgift kr 86 095 (38 575 for 2015 og 47520 for 2016)
- Innbetaling – renter: kr 2 108
- Utbetaling til Årdal kyrkjelege fellesråd: kr 20 000
- Utbetalingar til Årdal Jeger og fisk – ettersøksringen: kr 17.000

#### *Fiskefond*

Saldo pr 31.12.16: kr 2 703 974

- Innbetaling: 122 634 (Østfold Energi) og 29 005 (renter)

#### *Fond for vilt, fisk og friluftsliv*

Saldo: 31.12.2015: kr 822 544

- Innbetaling: kr 52 184 (hydro) og 9 258 (renter)
- Utbetaling av løyvde midlar: kr 66 100 til Naddvik beitelag

## Lærdal

Lærdal kommune har nærings- og konsesjonsavgiftsfond som mellom anna kan nyttast til investeringar i landbruket. I 2013 vart selskapet Lærdal Næringsutvikling AS skipa (LNU). Søknadar om støtte frå fondet vert no førebudd av LNU, med endeleg avgjerd i formannskapet. Felles Landbrukskontor ÅLA får saker som gjeld landbruk til uttale før handsaming av LNU. Døme på saker er tilskot til dyrking av bringebær/jordbær, kjøp av mjølkekvote, eigarskifte/generasjonsskifte på gardsbruk og mindre investeringar i driftsbygningar.

Løyvde midlar i 2016:

### *Tilskot til bærplanting*

Kontoret har ein del arbeid med søknad om kommunalt tilskot til planting av bær både før og etter løyving. Slike saker går vanleg vis over fleire år.

Tabell 12 Oversikt over løyvingar tilskot til bærplanting i Lærdal 2016

	<b>Bringebær</b>
Totalt tal daa	4,3
Totalt tal søknadar	1
<b>Total løyving</b>	<b>42 300</b>

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

### *Mjølkekvotar*

- Kjøp av mjølkekvotar: 1 søknad fekk løyvd tilskot på kr 72 400

### *Tilskot eigarskifte gardsbruk*

- Eigarskifte gardsbruk: 2 søknadar fekk løyvd tilskot på til saman kr 100 000

### *Andre landbruksrelaterte løyvingar*

- Ombygging/riving/bygging av fjøs: 3 søknadar fekk løyvd tilskot på totalt kr 295 000
- Investering driftsbygning: 1 søknad fekk løyvd tilskot på kr 35 500
- Beiteresteringsprosjektet fekk løyvd tilskot på kr 50 000

### *Viltfond*

Saldo pr 31.12.16: kr 234 498

- Utbetalingar: kjøp av teneste kr 132 824
- Utbetaling hjortegjerde: kr 6 610
- Innbetaling- fellingsavgift: kr 113 255
- Innbetaling - sal av hjortekjøtt og kursavgift: kr 16 660

### *Fiskefond*

Fiskefond II saldo pr 31.12.16: kr 1 330 322

- Utbetalinger i 2016: kr 34 250 – settefisk, kr 34 503 - Borgund elveigarlag
- Innbetaling frå Østfold Energi: kr 206 158

## **2.2.2 Aurland**

### *Viltfond*

Saldo pr 31.12.16: kr 164 807

- Utbetalinger til Aurland ettersøkingsring kr 28 695
- Utbetaling til Sogn og Fjordane skogeigarlag: 26 800
- Utbetaling Aurland hjorteutval: kr 25 000
- Innbetaling fellingsavgift: kr 53 420

### *Skotpremie*

Skotpremie på rev og mink i Aurland. Kontoret tilvisar skotpremie, mot framlagd ”bevis”.

I 2016 var det utbetalt kr 13 500 (27 revar)



*Sauesank*

*Foto Solgun Haugen*

### 3 Lov og regelverksforvaltning

#### 3.1 Konesjonslov, jordlov og lov om forpaktning

##### *Konesjon og buplikt*

Konesjonslova skal regulere og kontrollere omsetning av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om landbruket sitt produksjonsareal og slike eigar og brukstilhøve som er mest gagnleg for samfunnet. Kommunane si oppgåve er å handsame søknadar om konesjon på erver av fast eigedom, følgje opp eigedomar med buplikt m.m. Dette er ofte tidkrevjande og komplekse saker.

##### *Jordlova med forskrifter*

Formålet til jordlova er å legge tilhøva slik til rette for at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

Det er driveplikt på alt jordbruksareal, dersom ein ikkje kan driva arealet sjølv kan det drivast av andre gjennom avtale om utleige. Kommunane skal føre tilsyn med at driveplikta vert overhaldt.

Søknad om omdisponering vert ofte handsama som ein del av ein søknad om bygging med heimel i plan- og bygningslova eller søknad om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan. Forskrift om nydyrking og forskrift om bygging av landbruksveg er heimla i jordlova. Forskrift om gjødselvarer mv av organisk opphav er heimla mellom anna i jordlova.

##### *Lov om forpaktning*

Jf. lov om forpaktning skal avtaler om forpaktning leggjast fram for kommunen for godkjenning.

**Tabell 13 Tal saker jordlov, konesjonslov og lov om forpaktning i ÅLA**

	Årdal	Lærdal	Aurland
Konesjon	2	0	4
Driveplikt §8a	0	0	2
Omdisponering §9	1	3	1
Deling §12	1	2	6
Landbruksveg	0	4	1
Nydyrking	0	1	2
Søknad om utsett frist for spreieing av husdyrgjødsel	2	6	5
Forpaktning	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>6</b>	<b>16</b>	<b>21</b>

Kjelde: ACOS, Felles Landbrukskontor ÅLA

## 4 Skogbruk – diverse

Det har vore liten aktivitet i 2016

Fylgjande tal syner aktiviteten:

**Tabell 14 Skog avverking i Årdal og Lærdal i m<sup>3</sup> og kroneverdi**

	Årdal		Lærdal	
	tal/m <sup>3</sup>	kr	tal/m <sup>3</sup>	kr
Furu industrivirke	28	12040		
Juletre			227	104800
<b>Total verdi</b>				

Kjelde: FMLA

**Tabell 15 Skogfond innbetalingar i Årdal og Lærdal.**

	Årdal		Lærdal	
	Innbetaling 2016	Bruttoverdi	Innbetaling 2016	Bruttoverdi
<b>Skogfond</b>	1204		10480	

Kjelde: FMLA

**Tabell 16 Skogkultur**

	Årdal – søknadar			Lærdal – søknad	
	tal/m <sup>3</sup>	Kostnad	Tilskot	tal/m <sup>3</sup>	Tilskot kr
NMSK-midlar					
Juletre				900	0
Plantekjøp					
<b>Total verdi</b>					

Kjelde: FMLA

**Tabell 17 Tilskot til vegprosjekt i Årdal, Lærdal og Aurland**

	Årdal	Lærdal	Aurland:
<b>Tilskot til vegprosjekt (LUF-tilskudd)</b>	0	0	0

Kjelde: Fylkesmannen

### 4.1 Skog i Sogn

Frå juli 2016 gjekk Felles Landbrukskontor ÅLA med i eit skogfagleg samarbeid, *Skog i Sogn*. Kontoret har med dette knytt til seg skogbruksfagleg kompetanse med Jørgen Hundseth som ansvar for landbruksvegar og Arne Kristian Borger med ansvar for ØKS-systemet og Skogfondssystemet. Samarbeidet gjeld alle kommunane frå Høyanger og innover.

Det er arrangert eit motorsagkurs med 7 deltakarar.

## 5 Viltlova

### *Fellingsløyve elg/hjort/rådyr*

Fellingsløyve vert tildelt etter administrativt vedtak i samsvar med forvaltningsplan for hjortevilt (for elg) og etter godkjend bestandsplan for hjort for Lærdal bestandsplanområde, Aurland bestandsplanområde og Årdal bestandsplanområde.

**Tabell 18 Tildelte fellingsløyve, fellingsresultat og fellingsavgift i ÅLA**

	Tildelte fellingsløyve			Felt i ordinær			Fellingsavgift
	Elg	Hjort	Rådyr	Elg	Hjort	Rådyr	
Årdal	12	212	-	3	152	-	47 520
Lærdal	27	667	1	6	398	0	123 035
Aurland	20	300	-	4	167	-	53 275
<b>Samla</b>	<b>59</b>	<b>1179</b>	<b>1</b>	<b>13</b>	<b>717</b>	<b>0</b>	<b>223 830</b>

Kjelde: Viltforvaltninga i ÅLA

### *Oppfølging fallvilt*

Felles Landbrukskontor ÅLA får opplysningar om fallvilt frå ettersøksringane, politiet, vegvesenet, kontraktørar og publikum. Kontoret har ansvaret for å registrera fallvilt i Hjorteviltregisteret og senda inn rapport til SSB. Me jobbar kontinuerleg med oversikten og nyttar denne til å jobba førebyggjande mot hjort-trafikk. Nytt av 2016 er hjortegjerde på Fodnes, frå kaia og fram til tunnellen og vidare ned til Svartagjel. Tiltaket er på initiativ frå viltforvaltninga i ÅLA, men finansiert og sett opp av vegvesenet.

**Tabell 19 Fallviltregistreringa ÅLA jaktåret 2015-2016 (1.april – 31.mars)**

	Årdal	Lærdal	Aurland
Påkøynde hjort/rådyr/elg	5	30	4
Andre årsaker hjort/rådyr/elg	3	10	4
<b>Totalt tal registrerte fallvilt 2013</b>	<b>8</b>	<b>40</b>	<b>12</b>

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

### *Jegerprøve og kurs*

Det vart arrangert jegerprøveeksamen for Aurland og Lærdal i 2016.

Vinteren 2015-2016 vart det skipa til to feltkontrollør kurs, med til saman 40 deltakarar.

## 6 Lov om motorferdsel i utmark og i vassdrag

Kommunane kan gje dispensasjon frå forbod mot motorferdsel i utmark og i vassdrag. Dispensasjon vert gjeve i medhald av lov, forskrift og lokale retningsliner.

Tabell 20 Tal dispensasjonar til motorferdsel i utmark pr kommune.

	Årdal	Lærdal	Aurland
Snøscooter/Helikopter/fly	2	7	25

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

### 6.1 Naturmangfoldlova

Dei miljørettslege prinsippa skal vurderast i alle saker som kan verke inn på mangfaldet i naturen. I vedtak som gjeld bruk av areal og som kan verke inn på naturen, skal §§ 8-12 i lova vere vurdert. Dersom dette ikkje er gjort, er det sakshandsamingsfeil.

Felles Landbrukskontor ÅLA nyttar Naturmangfoldlova i fylgjande saker:

- Motorferdsel i utmark
- Landbruksvegar
- Viltforvaltning – tildeling av fellingsløyve og godkjenning av vald
- Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL-søknadar
- Søknad om nydyrking
- Utsett frist for spreiiing av husdyrgjødsel
- Jordlova – omdisponering §9 og frådeling §12

#### *Midlar til tiltak i trua naturtypar*

I medhald av *Naturmangfoldlova* er det peika ut trua naturtypar i våre kommunar. Det er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som har ansvar for tilskotsordninga, i nært samarbeid med kommunane. I våre kommunar finn me trua naturtypar på høgdegarden Ryum og Vidme i Flåmsdalen og i Dyrdal i Aurland. I Lærdal er der trua naturtypar i Ekrene, Molde og Indre Frønningen.

Samla utbetaling i 2016 er kr 467 600 for areal i Aurland, og kr 151 500 for areal i Lærdal kommune.

### 6.2 Andre lovar

Felles Landbrukskontor ÅLA gjev landbruksfagleg vurdering i samband med saker etter PBL, vassressurslova, lakse- og innlandsfiskelova og odelslova. Omfanget av dette arbeidet er varierende.



## **7 Andre oppgaver og tiltak**

### **7.1 Planarbeid**

Felles Landbrukskontor ÅLA har medverknad, kjem med innspel og deltek i planprosessar for m.a. fylgjande planar:

Regionalplanar  
Kommuneplanar  
Reguleringsplanar  
Forvaltningsplanar  
Skjøtselsplanar  
Verneplanar  
Næringsplanar

### **7.2 Verdsarv - Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjordområde med verneområda**

Kontoret har arbeid opp mot verneområdestyre for Nærøyfjorden, Nærøyfjorden Verdsarvpark, Verdsarvrådet for vestnorsk fjordlandskap og verdsarvbøndene. I 2016 vart det betalt ut kr 2 009 080 i verdsarvmidlar til verdsarvbøndene. Kontoret samarbeida med fylkesmannen for kontroll og oppfølging av desse midlane. I 2016 vart mellom anna besøk til alle gardsbruk som har driftssenter innanfor verdsarvområde utført.

Landbrukssjefen deltek og på møte som gjeld forvaltning av «verdsarvområde», både i saker som gjeld i verneområda og utanfor verneområda.

### **7.3 Veterinærvakt**

Felles Landbrukskontor ÅLA tilviser løyvde statlege midlar til veterinærvakta i vaktistrikt Årdal, Lærdal og Aurland. Det er tre veterinærar i vaktordning.

Statleg vakt og administrasjonstilskot: kr 779 188

Stimuleringstilskot: kr 108 000

Kontaktpunkt mellom veterinærane og kommunen er via landbrukskontoret.

## 7.4 Verneområde

Dei tre kommunane har fleire verneområde:

- Bleia naturreservat
- Bleia og Storebotn landskapsvernområde
- Hallingskarvet nasjonalpark
- Grånosmyrane naturreservat
- Jotunheimen nasjonalpark
- Kvitingsmorki naturreservat
- Norheimsdalen naturreservat
- Nærøyfjorden landskapsvernområde
- Utladalen landskapsvernområde

Kontoret er involvert i ulike saker som gjeld forvaltning av verneområde. Her kan nemnast uttale i samband med byggeløyve, utarbeiding av skjøtselsplanar og handsaming og forvaltning av offentlege tilskotsmidlar.

## 7.5 Informasjon

Det vert sendt ut infoskriv til grunneigarane 2 gongar i året og lagt ut informasjon på heimesida til landbrukskontoret fortløpande. For viktig informasjon mellom infoskriv og heimesidepublikasjon vert det sendt ut e-post til grunneigarane.

Kontoret har dageleg spørsmål av ulikt slag både via e-post, telefon og besøk på kontoret.

## 8 Prosjekt sau og utmark 2012-2016

Prosjekt Sau og Utmark er no inne i avsluttande fasar. Det har vore meir enn fire år med mykje sau, beite, fjøsar, fagdagar, turar, fjøsmøte, diskusjonar, tap i fjellet, attgrodde beiter, gjenopna beiter, verer og masse lam. Dette har vore eit storarta prosjekt for sauenæringa, og jammen har det sett litt spor og.

Mange nye fjøsar er planlagde, nokre er allereie bygde og mange har blitt pussa opp. Nokre har fått offentleg stønad medan andre vel å gjennomføre utan denne stønaden. Beiter har vorte rydda og sauetalet har auka og nedgangen i bruk har stagnert. Det er til og med ganske mange som har teke over garden i denne perioden og det gler nok mangt eit saue- og saueinteressert hjerte.

Att eit prosjekt går mot slutten, betyr ikkje slutten på prosjektet, eller at arbeidet har vore vekkasta. Tvert imot! Prosjektet vil leve vidare i form av auka fagkunnskap om det å drive med sau, auka samarbeid mellom kommunane og fagmiljøa, auka forståing for kor avhengig ein er av kvarandre og kor viktig det er å ta vare på naturen rundt oss gjennom fortsatt beiting. I tillegg er det produsert massevis av fagstoff som me vil forsøke og samle på best mogleg måte og presentere i eit hefte som alle beitebrukarar og andre interesserte kan få tilsendt.

Før alt skrytet er unnagjort, vil me også få understreke at avslutningsseminaret 24.-25. mars truleg vart den beste fagsamlinga for landbruk som nokosinne er gjennomført i Årdal, Lærdal og Aurland.

Arbeidet i prosjektet har vorte gjennomført av prosjektleiar Håvard Øyrehagen i samarbeid med styringsgruppa og prosjekteigar ved Landbrukssjef Magnhild Aspevik. Styringsgruppa har vore: Leiar Erling Offerdal, Ole Bjarne Hovland, Lars Nesse, Petter Raa, Sigurd Vikesland og Eldrid Gønsberg. Folkevalde har vore Bjørn Havro frå Årdal, Anders Eltun frå Lærdal og Marianne Kvamme frå Aurland. Me hadde fem møte i styringsgruppa gjennom året, og i tillegg fleire arbeidsmøter med deler av styringsgruppa.

I 2016 vart det gjennomført 2 fjøsmøter i løpet av året. Her var det eitt i Aurland og eitt i Lærdal. Det var i tillegg to fagmøter, eitt som omhandla småskala matforedling og eit kjempestort som handla om grovfôrproduksjon. Her var det nesten hundre oppmøtte! I tillegg hadde me eit fjøsmøte på Borgund som var om lag like stort! Å samle nesten hundre personar to gonger på same året for noko som handlar om sau vitnar om eit engasjement som manglar sidestykke. Dette skal de ta med dykk vidare.

Me var representerte på Julemarkede i Lærdal i November med eigen stand, der me heilgrilla lam. Nortura gav oss eit heilt lam til marknadsføring, noko me var særst takksame for. Mange folk var innom og eg trur me fekk selt unna nokre ekstra framtidige kilo med lammekjøt den dagen.

Prosjektet har også vore representert på arrangement me ikkje har hatt regien på, som kåringa i Aurland, årsmøte til lokallaga i Sau og Geit og fagmøte om sau på Skei.

Tabell 21 Budsjett og rekneskap for Prosjekt sau og utmark pr 2016

	Samla budsjett	Kostnad pr 2016
Prosjektmedarbeidar	1 400 000	1 166 959
Kontorutgifter	70 000	21 457
Kompetanseutvikling	250 000	87 790
Administrasjon	250 000	75 702
Diverse	30 000	12 671
<b>Samla kostnad</b>	<b>2 000 000</b>	<b>1 364 597</b>
<b>Finansiering</b>		
BU-midler	1 000 000	502 500
Årdal kommune	150 000	150 000
Lærdal kommune	500 000	501 000
Aurland kommune	270 000	270 000
Sauenæringa	80 000	
<b>Sum</b>	<b>2 000 000</b>	<b>1 423 500</b>

Sauenæringa i Årdal, Lærdal og Aurland har bidrege med eigeninnsats. I tillegg har folkevalde delteke på styremøte og på fagmøte.



*"Blikkstilte"*  
Foto Solgun Haugen